

## ETNE KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Måndag 8. november 2021 blei det halde møte i Etne kontrollutval under leiing av utvalsleiar Tollef Rullestad.

<b>MØTESTAD:</b>	Etne tinghus, formannskapssalen
<b>MØTESTART/-SLUTT:</b>	kl. 15.00 – kl. 16.10
<b>MØTANDE MEDLEMER:</b>	Tollef Rullestad (Ap), Nina Vierdal Vee (Sp), Øyvind Kaldheim (Krf), Ragni Sunniva Fett (V) og Kjetil Winterthun (Frp)
<b>FORFALL:</b>	Ingen
<b>MØTANDE VARAMEDLEM:</b>	Ingen
<b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>	Seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
<b>FRÅ ROGALAND REVISJONEN IKS MØTTE:</b>	Statsaut. revisor Deanne Kvammen
<b>FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:</b>	Kommunaldirektør Bjørn Tollefsen og personalsjef Linn Kallestadbakken i sak 22
<b>ANDRE SOM MØTTE:</b>	Ordførar Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (Sp)
<b>MERKNADER TIL INNKALLING:</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL SAKLISTE:</b>	Ingen

### FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

#### SAK 21/21 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 27.09.21

**Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møte i Etne kontrollutval 27.09.21 blir godkjent slik han ligg føre.

**Handsaming i kontrollutvalet 08.11.21:**

Protokollen blei godkjent slik han var lagt fram.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.11.21:**

*Protokoll frå møte i Etne kontrollutval 27.09.21 blir godkjent slik han ligg føre.*

## **SAK 22/21 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN - PERSONALSJEF**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Etne kontrollutval tek gjennomgangen frå personalsjefen om sitt arbeid- og ansvarsområde til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 08.11.21:**

Personalsjef Linn Kallestadbakken orienterte og viste ein presentasjon. Ho viste organisasjonskart og gjorde greie for dei ulike arbeidsoppgåvene til lønn og personal. Dei var fire tilsette. Tenestene er i hovudsak retta mot administrativ leing i einingane og tilsette. Hovudoppgåvene er lønnsutbetaling, rapportering til offentlege etatar og mykje forskjellig rådgjeving. Det kan til dømes vere om rekruttering, arbeidsmiljø, sjukefråvær, pensjon og ferie. Kommunen har eigne rekrutteringstiltak, tiltak for lærlingar, heiltidstrategi og arbeider aktivt for å redusere sjukefråværet.

Medlemmene fekk svar på spørsmål om mellom anna sjukefråvær, heiltid-deltidsstillingar, lærlingar, flyktningar og kvalitetssystem. Leiar takka for ei lærerik og interessant orientering.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.11.21:**

*Etne kontrollutval tek gjennomgangen frå personalsjefen om sitt arbeid- og ansvarsområde til orientering.*

## **SAK 23/21 VAL AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Etne kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet .....til neste møte.

### **Handsaming i kontrollutvalet 08.11.21:**

Leiar innleia. Medlemmene drøfta dei prioriterte prosjekta, og kva som var mest aktuelt å velja no. Utvalet blei samd om å velja prosjektet om «Kontrakts- og leverandøroppfølging», som var prioritert på tredje plass.

Forvaltningsrevisor noterte seg innspel frå medlemmene og ordførar, og vil utarbeida eit prosjektmandat til neste møte.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.11.21:**

*Etne kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet «Kontrakts- og leverandøroppfølging» til neste møte.*

## **SAK 24/21 FRAMLEGG TIL MØTEPLAN FOR 2022**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet i Etne vedtar følgjande møteplan for 2022:

Måndag: 07.02, 23.05, 19.09 og 14.11 – kl. 13.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

**Handsaming i kontrollutvalet 08.11.21:**

Utvalet hadde ingen merknader og slutta seg til framlegget.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.11.21:**

*Kontrollutvalet i Etne vedtar følgjande møteplan for 2022:*

*Måndag: 07.02, 23.05, 19.09 og 14.11 – kl. 13.00.*

*Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.*

**SAK 25/21 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 08.11.21**

21. Statusoversyn pr. november 2021
22. Kst-vedtak 28.10.21, sak 51/21 – budsjettframlegg 2022 – kontrollarbeidet i kommunen
23. Kst-vedtak 28.10.21, sak 52/21 – forvaltningsrevisjonsrapport «Trygt og godt skulemiljø»
24. Innkalling til representantskapsmøte i Haugaland brann og redning IKS 12.11.21
25. Referat frå ekstraordinært repr. møte 04.10.21 i Samarbeidsrådet for Sunnhordland
26. Årsmelding 2020-2021 frå Mobbeombodet
27. Invitasjon til folkevaldopplæring for kontrollutval i tidlegare Hordaland fylke 2022
28. Invitasjon – Konferanse for kontrollutvalgene i Rogaland 02.12.21 i Sandnes
29. Invitasjon til NKRF's kontrollutvalgskonferanse 2. – 3. februar 2022
30. FKT-medlemsinformasjon september 2021

**Handsaming i kontrollutvalet 08.11.21:**

Sekretær gjorde greie for referatsakene. Utvalsleiar er påmeldt til folkevaldopplæringa på Solstrand i februar 2022. Medlemmer som ønskjer å reise på konferansar melder frå til sekretariatet.

Utvalet hadde ingen særskilte merknader til referatsakene.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.11.21:**

*Referatsakene 21 – 30 vert tatt til orientering.*

**YMSE**

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

**Neste møte: måndag 07.02.22.**

**Saker:** kontrollutvalet si årsmelding, prosjektmandat om «Kontrakts- og leverandøroppfølging», ny plan for orienteringar frå administrasjonen eller kommunale selskap.

Etne/Aksdal, 08.11.21

Tollef Rullestad  
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie  
Utvalssekretær